

LOVNORM FOR IDRETTSRÅD

Vedteken av Idrettsstyret 16. november 2021.

LOV FOR BYKLE IDRETTSRÅD.

Skipa 08.01.2014

Vedteke på Bykle Idrettsråd sitt årsmøte ?.. 2022

§ 1 Formål og oppgaver

For reglar om formålet, oppgåvene og myndet til idrettsrådet gjeld [NIFs lov § 8-2](#) og dessutan [NIFs lov §§ 2-2](#) og [2-3](#). Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

§ 2 Organisasjon

- (1) Idrettsrådet er eit felles organ for idrettslaga som er tilslutta idrettsrådet, som er organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) gjennom idrettskrinsen.
- (2) Idrettsråd blir oppretta, slått saman og løyste opp av idrettskrinsen, som også fastset grensene for idrettsrådet.
- (3) For reglar om plikta idrettsrådet har til å overhalde regelverket og vedtaka til NIF og idrettskrinsen, gjeld [NIFs lov §§ 2-2](#) og [2-3](#).

§ 3 Kontingent

For reglar om kontingent, gjeld [NIFs lov § 8-4](#).

§ 4 Kjønnfordeling

For reglar om kjønnfordeling i styre, råd, utval m.m. og ved representasjon til årsmøte/ting gjeld [NIFs lov § 2-4](#).

§ 5 Kvalifisering til val og representasjonsrett

For reglar om kvalifisering til val og representasjonsrett gjeld § 11 og [NIFs lov §§ 2-5, 2-6, 2-7](#).

§ 6 Inhabilitet

For reglar om inhabilitet gjeld [NIFs lov § 2-8](#).

§ 7 Vedtaksfôrleik, fleirtalskrav og protokoll

For reglar om vedtaksfôrleik, fleirtalskrav og protokoll gjeld [NIFs lov § 2-9](#).

§ 8 Refusjon av utgifter og godtgjering

For reglar om refusjon av utgifter og godtgjering gjeld [NIFs lov § 2-10](#).

§ 9 Rekneskap, revisjon m.m.

For reglar om rekneskap og revisjon m.m. gjeld [NIFs lov §§ 1-7](#), [2-11](#), [2-13](#) og [2-14](#).

§ 10 Årsmøtet

- (1) Årsmøtet er det høgaste styringsorganet i idrettsrådet, og det blir halde kvart år innan utgangen av juni månad.
- (2) Ordinært og ekstraordinært årsmøte blir gjennomført i samsvar med denne lova og [NIFs lov §§ 2-15](#), [2-16](#), [2-17](#), [2-19](#), [2-20](#).

§ 11 Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett

- (1) Rett til å fremje forslag til årsmøtet:
 - a) styret
 - b) idrettslag med representasjonsrett
 - c) komité/utval med møterett, i saker som ligg innanfor arbeidsområdet deira
- (2) Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett på årsmøtet:
 - a) styret
 - b) representantar frå idrettslag etter følgjande skala: [fyll inn skala som bør gi like vilkår for representasjon for alle idrettslag, inkludert bedriftsidrettslag]
Representantar må vere valde på årsmøtet i idrettslaget eller oppnemnde av styret.

For representasjonsrett for idrettslag gjeld [NIFs lov § 10-3 \(1\)](#).

- (3) Møterett, talerett og forslagsrett på årsmøtet i saker som ligg innanfor arbeidsområdet til utvalet/komiteen:
 - a) medlemmer av kontrollutvalet
 - b) medlemmer av valkomiteen
- (4) Møterett og talerett på årsmøtet:
 - a) representant frå idrettskrinsen og NIF
 - [b) revisor i saker som ligg innanfor hans/hennar arbeidsområde]

§ 12 Oppgåvene til årsmøtet

Oppgåvene til årsmøtet:

1. godkjenne dei frammøtte representantane
2. velje dirigent(ar)
3. velje protokollførar(ar)
4. velje to representantar til å skrive under protokollen
5. godkjenne forretningsordenen
6. godkjenne innkallinga
7. godkjenne saklista
8. behandle årsmeldinga for idrettsrådet
9. behandle
 - a. rekneskapen til idrettsrådet
 - b. den økonomiske meldinga frå styret
 - c. meldinga frå kontrollutvalet
 - d. eventuell melding frå engasjert revisor
10. behandle forslag til arbeidsprogram drøfte og prioritere planar for anleggsutbygging og aktivitetsutvikling.
11. fastsetje tildelingskriterium for lokale aktivitetsmidlar basert på kriteria frå Kulturdepartementet, krav og tilrådingar frå NIF, og dessutan lokale forhold
12. behandle saker som kjem fram av godkjend sakliste
13. vedta budsjettet til idrettsrådet
14. gjere følgjande val:
 - a) styre med leiar, nestleiar, [tal (minst éin)] styremedlem(mer) og [tal (minst éin)] varamedlem(mer)
 - b) kontrollutval med [tal (minst éin)] medlem(mer) og [tal (minst éin)] varamedlem(mer)
 - c) representantar til idrettskrinstinget, eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantane
 - d) valkomité med leiar, [tal (minst éin)] medlem(mer) og [tal (minst éin)] varamedlem(mer)

Leiarar og nestleiarar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemmene skal veljast samla. Deretter skal varamedlemmene veljast samla. Der det blir valt fleire varamedlemmer, skal det veljast 1. varamedlem, 2. varamedlem osv.

14. Avgjere om det skal engasjerast revisor til å revidere rekneskapen til idrettsrådet.

For reglar om stemmegivinga på årsmøtet gjeld [NIFs lov § 2-21](#).

§ 13 Styret i idrettsrådet

- (1) Idrettslaget blir leidd og forplikta av styret, som representerer idrettslaget eksternt.
- (2) Styret er det høgaste styringsorganet i idrettsrådet mellom årsmøta, men visse avgjerder kan berre vedtakast av årsmøtet i samsvar med § 12 og [NIFs lov § 2-22](#).

- (3) Forvaltninga av, og tilsynet med, alle delar av verksemda til idrettsrådet høyrer under styret. Styret skal sørge for
- at formålet til idrettsrådet blir teke hand om
 - at verksemda og økonomistyringa til idrettsrådet er forsvarleg organisert
 - at avgjerder blir tekne i samsvar med regelverket og vedtaket til det overordna organisasjonsleddet, lova til idrettsrådet og årsmøtevedtak
 - uttale seg til idrettskrinsen ved opptak av nye idrettslag i NIF
- (4) Styret kan utnemne komitear/utval for handtering av kontinuerlege eller enkeltstående oppgåver, og utarbeide mandat/instruks for dei.
- (5) Styret skal oppnemne representantar til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd dersom årsmøtet ikkje har valt representantar.
- (6) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det, eller når minst to av styremedlemmene krev det.

§ 14 Kontrollutval og valkomité

- (1) For reglar om kontrollutvalet gjeld [NIFs lov § 2-12](#). [Kontrollutvalet arbeider i samsvar med eigen instruks som er vedteken av årsmøtet.]
- (2) For reglar om valkomiteen gjeld [NIFs lov § 2-18](#). [Valkomiteen arbeider i samsvar med eigen instruks som er vedteken av årsmøtet.]

§ 15 Lovendring

For reglar om lovendring gjeld [NIFs lov § 2-2](#).

§ 16 Oppløysing

Idrettsrådet kan berre løysast opp av idrettskrinsen. Ved oppløysing eller anna opphøyr av idrettsrådet går overskytande midlar i idrettsrådet etter avvikling til eit formål som er godkjent av idrettskrinsen.